



- eit fyrtårn i vest

## Dette skjedde 2. halvår 2023



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det andre halvåret 2023.

Tekst og redigering: Vignleik Brekke  
Foto: Åse Gunn Husebø, Kenneth Sangolt og Vignleik Brekke

[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

## Juli og august

### Opna informasjonscenter for Sotrasambandet



Den 3. juli kunne varaordfører Torill Selsvold Nyborg offisielt opna informasjonscenteret om Sotrasambandet på innbyggartorget og biblioteket på Straume.

- Dette er ei utstilling som fortel oss om utviklinga av bru- og vegprosjektet, der vi vert oppdaterte på status i byggeperioden, sa varaordfører Torill Selsvold Nyborg og erklærte informasjonscenteret for opna. På biletet er også prosjektleiar i Statens vegvesen Lene

Sælen Rivenes (til venstre) og kommunikasjonsleiar i Sotra Link, Gunn Eklund Breisnes

### Markerte 22. juli

Også i år vart dagen for terroraksjonen i 2011 markert. Den 22. juli var det 12 sidan terrorangrepet mot regjeringkvartalet og sommarleiren til AUF på Utøya.

- Det er like ufatteleg i dag, som det var i 2011, at ei terrorhandling kunne skje i Noreg, og at det fekk slike gruvsame konsekvensar, sa fungerande ordfører Torill Selsvold Nyborg før ho la ned blomar ved minnestøtta ved Stranda skule.



### Starta ferda til Ukraina



Den 14. august køyrde brannkonstabel Torbjørn Borgen om bord i danmarksferja. Som sjåfør sytte han for at ein godt utstyrt brannbil kom trygt fram til byen Lviv i Ukraina. Øygarden brann og redning (ØBR) har brukt det 22 år gamle utrykkingskøyretøyet heilt fram til det siste. I samband med innkjøp av ny brannbil, vart det tidlegare i år vedteke i kommunestyret at bilen skulle donerast til Ukraina.

### Klare for levering av middag på døra

Tidleg i september var Husets Spiseri klar for å levera middag på døra til seniorar 65+ i heile Øygarden. Kommunen har inngått samarbeid med Huset Spiseri om leveranse av kald eller varm middag minst to gonger i veka til seniorar 65+. Kjøp av levert middag på døra er ein privat avtale mellom Husets Spiseri og kjøpar. Kommunen legg til rette for at folk skal få levert mat på døra på ein trygg måte



### Kraftig auke i førehandsrøystinga



16 dagar før valet den 11 september hadde 2 789 personar i Øygarden røysta på førehand. Dette var ein auke på 90,5 prosent samanlikna med kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019. I 2019 var det 16 dagar før valet registrert 1 462 røyster. Tilsvarende tidspunkt i 2023, laurdag 26. august, var det altså registrert 2 789 røyster, inklusive tidlegrøyster. Dette utgjer 9,2 prosent av dei røysteføre. På biletet: Torill Martinson og Yngvild Wiese på innbyggartorget og biblioteket på Straume.

## September

### - Vi er klare for jobb



Fredag 1. september var ein stor dag for dei seks fordrivne frå Ukraina som då tok fatt på assistentjobbar på Fjell sjukeheim og Straume bu- og servicesenter.

- Vi ønskjer å vera til nytte, seier dei. Med dette spesielle prosjektet skal ein sjå på korleis ein kan ta inn anna arbeidskraft for å løysa oppgåver innanfor kommunalsjefområdet Helse og velferd der det ikkje er nødvendig med helsefagleg utdanning.

### Biblioteket i Sund jubilerer

Dei første dagane i september vart det markert at biblioteket i Sund var 200 år. Det var presteskapet som tok initiativ til allment bibliotek. I eit hefte gjeve ut av Sund sogelag vert det stilt spørsmål om det «Almuebibliotheket» i Sund vart etablert i 1823 eller i 1828. Det kan henda at historikarar har forveksla 1828 med 1823. Uansett kva årstal som er rett, vart det jubilerert med fleire arrangement 2. til 7. september.



### Opna dagsturhytte i ekte vestlandsver



Rundt hundre personar fann vegen til Veten for å opna den tredje dagsturhytta i Øygarden 3. september.

Marit U. Nilsen vann namnekonkurransen, og ordførar Tom Georg Indrevik kunne erklæra Vetenbua for offisielt opna godt assistert av speidarar som overnatta på Veten natt til sundag.

-Eg får sitera ein eg møtte i dag; - Dagen i dag viser at vi treng dagsturhytter, sa ordføraren.

### Hyllest til samarbeidet

Den 7. september kunne fylkesordførar Jon Askeland skjera av snora for å markera opninga av veg- og trafikksikringsutbetringa på fylkesveg 560 mellom Beinastaden og Dala.

- Dette er ein hyllest til samarbeidet, sa fylkesordføraren. Prosjektet har gjeve utbetring av 1,6 kilometer veg på fem ulike punkt og 700 meter gang- og sykkelsti.



### Valet 2023

Høgre vart det klart største partiet i kommunestyre- og fylkestingsvalet den 11. september.

Valoppslutnaden i kommunevalet var på 62,6 prosent, og 57,3 prosent i fylkestingsvalet.



### To tusen samla til MOT-fest

Det yrte av ungdomar inne og ute på idrettsområdet på Straume 15. september. Alle ungdomsskulane var samla til MOT-fest, og stemninga var god. Det vart flagga med MOT-flagg på rådhuset og på ungdomsskulane. Arrangementet var eit samarbeid mellom MOT og Øygarden kommune.



## Oktober

### - Dette gjev meg mykje erfaring



Tysdag 3. oktober var første arbeidsdag for Stian Anglevik på Straume bu- og servicesenter. Han er helsefagarbeidar og var den første i vikarpoolen i Øygarden kommune som fekk tildelt arbeidsplass. I første omgang var han på senteret i to veker. Stian er ein av dei tilsette i vikarpoolen. Leiar Jeanett Marthinussen opplyste at 1. november var den andre tilsette i vikarpoolen klar for innsats i Oppvekst.

### Opningsfest for opprusting av Kolltveit skule



- Dette har vi sett fram til lenge. Det sa rektor Odd Erik Kjeldstad til dei rundt 250 elevane, tilsette og inviterte gjester på nyopninga av skulen 20. oktober. Ordførar Tom Georg Indrevik klapte snora som Sara Helene Tøsse og Evi Solttun (biletet) heldt godt tak i. Ordføraren har gått på Kolltveit skule og har eit tett



forhold til skulen og bygda. Opprustinga av skulen har kosta om lag 20 millionar kroner.

### - Det grønne skiftet skjer her, i dag

Den 23. oktober kunne leiar i Bellona, Fredric Hauge, klippa snora for å markera at verdas første hydrogenproduksjonsanlegg med integrert CO<sub>2</sub>-lagring vart opna i Energiparken. Anlegget skal nytta naturgass frå Kollsnes til å produsera hydrogenet. I prosessen vert CO<sub>2</sub> (karbondioksid) fjerna og overført til anlegget til Northern Light 500 meter unna før karbondioksidet blir ført i røyr til permanent lagring under botnen av Nordsjøen.



### - Eg er stolt av landet mitt



25. oktober stod det fram flotte og entusiastiske ambassadørar frå 24 nasjonar i lokala til Øygarden vaksenopplæring. Samuel Brahane frå Eritrea var ein av dei som på kulturdagen presenterte landet der han er fødd og oppvaksen. På kulturdagen i regi av vaksenopplæringa var det fullt av liv. Etter to dagar med gruppearbeid kunne deltakarane nytta 12 klasserom til å presentera landet sitt.

### Fornya tillit til Tom Georg Indrevik



Tom Georg Indrevik (H) vart 26. oktober vald som ordførar i Øygarden i fire år fram til 2027. På det konstituerande kommunestyremøtet vart Anita Garlid Johannessen (Frp) vald som varaordførar.

- Når eg no tek fatt på min andre periode som ordførar, er det med stor respekt for oppgåva, sa ordføraren. Indrevik har også vore ordførar dei fire siste åra. I sitt første innlegg etter valet takka han for tilliten som vart vist varaordførar og han sjølv som ordførar.

## Oktober

### Budsjettet: Tid for omstilling



- Øygarden kommune må prioritera og omstilla drifta i takt med samfunnsutviklinga. Det sa kommunedirektør Johnny Breivik då han torsdag ettermiddag presenterte driftsbudsjettet for 2024 og økonomiplanen for 2024-2027. I framlegget til budsjett vert det likevel understreka at sjølv om det økonomiske handlingsrommet er stramt dette året, er det likevel funne rom for å gjera fleire prioriteringar i tråd med samfunnsdelen til kommuneplanen

### - Handballfest er umogleg utan kommunen og frivillig innsats

Sjølv om Noreg tapte herrelandskampen mot Danmark i Gjensidige Cup den 2. november, var stemninga på topp i ein fullsett Sotra Arena. - Vi har arrangert 25 internasjonale kampar i Sotra Arena. Det er ikkje mange som kan skilta med noko slikt, sa seksjonsleiar for spel og trening i Håndballforbundet, Tryge Johnsen.



### Presenterte Framtidssamfunnet - Vi må løysa framtid utfordringane saman



På Øygardskonferansen den 10. november presenterte kommunedirektør Johnny Breivik og dagleg leiar i Øygarden næringsutvikling, Hanne Misje Lokøy, planane om ein ny felles arena. Med Framtidssamfunnet skal næringslivet, academia, det offentlege og det frivillige samarbeida om å finna nye innovative løysingar for framtida. Sentrale oppgåver vert å sikra ein god arena for diskusjon, og å vera ein fasilitator og pådrivar for prosjekt og aktivitetar.

### - Vi treng kunnskap om fortida

Den 18. november var 80 personar på plass på Taremare på Kystmuseet då band 1 og band 3 av Øygarden bygdebok vart presenterte. Band 1 (Fangstfolk og fiskarbønder) er skriven av Frode Fyllingsnes. Band 3 (Gard og slekt) for gardane Skjold, Stura, Hatten, Hovden Nordvik, Nautnes og Nordre Sæle er skriva av Kjell Alvheim (leiar av bygdeboknemnda), Kenneth Bratland og Yngve Nedrebø.



### Stengjer avkjøringsrampe mot Storskaret

Avkjøringsrampe på riksveg 555 frå vest mot Storskaret (fylkesveg 209) vart frå midten av november stengt og skal vera stengt for trafikk fram til Sotrasambandet er klar til bruk i 2027. All trafikk frå nord og vest til Straume-området, Kystbygarasjen, og Søre Straume må difor gå gjennom Straume sentrum.



### Milliardinvestering innan vatn, avlaup og overvatn i løpet av 12 år

Den 28. november godkjente kommunestyret kommunedelplan for vatn, avlaup og overvatn 2023-2035. I løpet av 12 år er det planar om investeringar på over ein milliard kroner. Kommunestyret var samla til møte tysdag. Espen Harkestad (biletet) frå Ap fekk tilslutnad til eit framlegg om å vurdere utbyggingstakten i samsvar med renteheving og den økonomiske situasjonen elles.

## Desember

### - Dette er eit viktig tilbod



Den 5. desember var det offisiell opning av utvida lokale til Trigger Jobb AS på Straume. Med denne tilveksten er lokala utvida frå om lag seks hundre til tolv hundre kvadratmeter. Ordførar Tom Georg Indrevik stod for den offisielle opninga og snorklippinga. Han sa at Trigger er eit eksempel på eit godt samarbeid mellom Askøy og Øygarden kommunar.

- Dette er ein arbeidsplass de kan vera stolte av, sa ordføraren.

### Her kan du dela sagn

- Vi vil gjerne gje rom for at det er lov å kjenna på sagn. Det seier kreftsjukepleiar Kristina Eikeland som saman med kollegaer har sett opp eit «Eg saknar-juletre» like innanfor hovudinngangen på Øygarden lokalmedisinske senter på Straume. Like ved juletreet er det eit bord der det er lagt ut flate julekuler og tusj. Der er alle velkomne til å skriva opp det dei kjenner på av sorg og sagn.



### - Viktig for kystfiskarane



Den 11. november spadde ordførar Tom Georg Indrevik singel over grunnsteinboksen for å synleggjera oppstart av arbeidet med fiskerilager i Porsvika. Etter ein anbudsrunde, har Byggmester Markhus fått tilslaget med å byggja lageret innanfor ei kostnadsramme på 14,1 millionar kroner. Det kommunaleigde lageret skal leigast ut kystfiskarar. - No lagrar vi utstyret i kassar på kaien. Nøtene får lengre levetid med betre lagringsforhold, seier

Anton Trellevik som var ein av fiskarane som var med på grunnsteinnedlegginga.

### Songen nådde fram til hjarto

Det var trampeklapp då demenskoret i Øygarden hadde slutta av julekonserten i Foldnes kyrkje 14. desember med Deilig er jorden. - Har du nokon gong tenkt kor kjedeleg livet og ikkje minst verda hadde vore utan oss, sa Berit Anita Larsen (styreleiar Treff+) før ho slapp til koristane med dirigent Erika Kroken og musikkterapeutane Elena Kramaridis (pianist) og Camilla Kolbeinsen og Rune Lynglund (kornett) som gode hjelparar.



### Avslutta vaksinerings på Røde Kors-huset



Torsdag 21. desember var siste dag med vaksinerings på Røde Kors-huset på Straume. Sjukepleiar Geir Oldenburg (biletet) har vore med på heile pandemireisa sidan starten i 2020.

- Det har vore ein takknemleg jobb, seier han nokre dagar før han stengjer dørene for vaksinasjon på Røde Kors-huset.

### Budsjettet er i hamn

Budsjettet for 2024 og økonomiplanen for 2024-2027 vart vedteken av kommunestyret den 21. desember. Driftsbudsjettet har ei ramme på 3,47 milliardar kroner. Det skal investerast for 158 millionar kroner i 2024.